

Uttaksreglement - MRGL 2024

Årsmøte i MRGL har vedteke fylgjande generelle kvalifiseringsopplegg for uttak til Noregsmeisterskap i Gjetarhund, og dette skal leggjast til grunn for uttak av Møre & Romsdal sitt årvisse lag til NM i Gjetarhund.

Kvalifikasjonsopplegg NM i Gjetarhund for Møre & Romsdal:

- 6-8 prøver, der dei 4 beste er teljande i grunnlaget for utrekninga.
- Inntil 4 Landsprøver som uttak (der plass-sifferpoenga blir ganga med 2).
- Årvis og endeleg aktivitetsplan, listar dei prøvene som omfatter kvalifiseringa, og dette vert endeleg vedteke av MRGL styret.
- Merk; Uttaksprøvene skal vere klasse 3 med momenta deling/singling, og Fylkesmeisterskapet skal innehalde ei finale med momenta dobbelheit/sortering.
- Det vert krevd høg prøvestandard slik at fylket sendar dei beste til NM.
- Geografisk fordeling av uttaksprøvene i fylket etter beste evne.
- Poengskala til Norgesserien vert til ein kvar tid nytta. Sanka poeng i norgesserieprøver som er med i uttaket, tel dobbelt i underlaget til berekninga.
- Ved poenglikheit går den med beste plassering(ar) framom.
- Fylkesmeister er IKKJE automatisk kvalifisert til gjeldande NM i Gjetarhund (Årsmøtevedtak 2023)
- Dommar på uttaksprøver/FM skal ikkje ha bostedsadresse i fylket.
 - Det er styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag som skal finne dommer til fylkesmeisterskapshelga, og til eventuell landsprøve i fylket.
 - Utgifter til dommer på fylkesmeisterskapshelga vert dekt av MRGL
 - Vandrepokalar og plasssiffer premier(1,2,3 pl+ beste unghund under 3 år) vert dekt av MRGL
 - Deltakar på NM-kvalikprøver og FM skal vere medlem i eit av dei 5 lokale gjetarhundlaga
- Dei beste frå denne kvalifiseringa (pluss to reserve) ihht NSG bestemt antal deltakarar frå fylket, dannar Møre & Romsdal sitt lag til Noregsmeisterskap i Gjetarhund.
- Endeleg vedteke årlege kvalifiseringsprøver vert publisert på heimesida www.mrgl.no
 - **Uttaksprøver for Møre og Romsdal 2024:**
 - 6 – 8 prøver der dei 4 beste er teljande i NM-uttaket
 - Landsprøvehelg i fylket skal være med i uttaket?
 - Distriktsprøver?
 - Ei valfri landsprøvehelg (2 LP helger dersom fylket ikkje arrangerer)

Styret i MRGL